



Vår ref.:  
U-3/18/ Felles/økonomi.

Dykkar ref.:

Bergen, 16.01.2018

## Søknad om midlar til gratis skulefrukost for 2018-19

### 1.1 Mål

Gratis skulefrukost på Fyllingsdalen vgs skal gje elevane ved skulen betre helse og auke trivnaden deira. Eit organisert, sunt måltid kvar dag skal gjera elevane våre betre rusta til å takle ein krevjande skulekvardag og auke læringsutbyttet deira.


### 1.2 Grunngeving

Mange av elevane på skulen vår et ikkje frukost før dei kjem til første time. Fleire kjøper mat i kantina i første friminutt og freistar å ete no og då i løpet av korte friminutt utover dagen. Det er dessverre mange som ikkje har regelmessige måltider. Vi trur at eit tilbod om gratis skulefrukost vil ha stor effekt for mange elevar fordi dei då vil starte dagen med eit sunt, organisert måltid uten hastverk.

Forseintkoming til første time er eit problem for mange elevar. Dersom vi tilbyr gratis skulefrokost i god tid før første time, vil vi kunne minske talet på forseintkomingar.

Fyllingsdalen vgs. har per i dag 580 elevar. Karaktersnitt på elevane ved inntak frå u. skule er omlag 3.9. Det kan vere verdt å presisere at «spennvidda» mellom søkjarane våre er stor og at vi har mange elevar med låge inntakspoeng. Under følgjer statistikk for søkarar frå u. skule til Fyllingsdalen vgs. for skuleåret 2016-2017 for å illustrere dette:

Karakterpoengsum fra grunnskolen



### 1.3 Organisering

- Kantinestyraren vil få i oppdrag å servere frukost fem dagar i veka. Menyen skal fastsetjast av skulen og kvalitetssikrast av rektor og elevråd.
- Frukosten skal serverast frå 07.30 til 08.00. Første time startar kl. 08.10.

### 2. Evaluering

Evaluering vert gjort både etter første termin og etter skuleslutt. Det vil verte gjennomført undersøkingar på It's Learning og både lærarar og elevar vil verte intervjuet om effekten av tiltaket. Elevrådet vil bli trekt inn i arbeidet, både med implementering og evaluering av tiltaket.

### 3. Ressursar

Vi reknar med at innkjøp av matvarer og løn til kantinestyraren til saman vil gi oss ei kostnadsramme på kr. 627 000 for skuleåret 2018-2019. Vi har då gjort eit overslag som seier at frukost vil koste kr. 30 per elev per dag og at 110 av totalt ca. 580 elevar vil bruke tilbodet dagleg. Over 190 skuledagar vil då kostnaden verte kr. 627 000. For skuleåret 2018/2019 søkjer vi om kr. 300 000 i støtte til tilbod om gratis skulefrukost. Skulen vil sjølv bidra med dei resterande kr. 327 000.

### 4. Prosjekt

#### 4.1 Prosjektansvarlig (PA)

Rektor: Ny frå 01.08.18

#### 4.2 Prosjektleder (PL)


Miljøkoordinator: Heine Askeland

### 5. Oppsummering

For skuleåret 2018/2019 søkjer skulen om eit tilskot på 300 000. Midlane skal brukast til å finansiere tilbod om gratis skulefrokost til alle elevar ved Fyllingsdalen vgs.

Med venleg helsing for

**FYLLINGSDALEN VIDEREGÅENDE SKOLE**

  
Thor Eirik Haugstad  
Rektor